

Kulturarv som ressurs for lokal utvikling

- ❑ Kven er AS ? (bonde, globetrottar, ordfører, leiar av Verdsarvråd)
- ❑ Valgt å fortelje ”mi historie” for å illustrere problemstillinga
- ❑ Valgt å bruke kulturlandskapet med alt det innheld som representant for kulturarven
- ❑ Definer kulturlandskap: ” landskap som er kultivert over tid ”
- ❑ Kulturlandskapet er produkt av landbruket – ei biprodukt
- ❑ Mykje kulturlandskap – bur der ingen skulle tru nokon kunne bu
- ❑ Kulturlandskapet minkar fort
- ❑ Paradoksalt nok var det blårusen sjølv som slo alarm
- ❑ Vis powerpoint av Vestnorsk 02 (introduksjon)

Bygda er Norge si sjel

Bygda er Norge si sjel ! Her ligg røttene. Her har forfedrane skapt gull av gråstein. Her har ættled etter ættled levd livet og sett sine spor. Desse kulturspora førte oss no heilt til topps i verdas mest prestisjetunge tevling, dvs. WH . Fellesgoda som bøndene har produsert vart tunga på vektskåla. Likevel skal dei vekk. Dei er for dyre ! Vesle vitet mitt får ikkje dette til å gå i hop. Rett nok er eg ikkje sprenglærd verken på økonomi eller kultur , men både ryggmargen og magen protesterer samtidig. Det er noko som fortel meg at dette er galskap. Rein galskap ! Det er galskap å byggje ned det som slektene før oss har brukt 5000 år på å byggje opp.

Historia er viktig del av kulturarven – av verdsarven

I mitt rekneskap finst det ikkje raude tal for landbruket i verdsarvområdet, sjølv om eg lever der ingen skulle tru nokon kunne bu . Eg vågar påstanden at husdyrhaldet i Norddal og Stranda er noko av det mest lønsame i heile Norge. Kanskje til og med meir lønsamt enn industrilandbruket på Jæren og rundt Mjøsa. Difor kan vi ikkje kvitte oss med småbøndene i verdsarvområdet.. Kvifor ? Fordi det er dei som vaktar og vedlikeheld verdsarven . Fordi dei representerer sjølve kjerna i reiselivsproduktet. Fordi det er dei, som i følge Ingebrigt Steen Jensen, ”**har gjort dette landet så vakkert .**

Hotelldirektør i særklasse

Tidlegare direktør ved hotell Union i Geiranger, Karl Mjelva , har forstått dette. Difor er han livredd at småbrukarane i Geiranger skal gi opp. Visst har han mjuke sengar, gormekjøkken, bar og orkester. Men det har andre hotell og. Somme har nattklubb i tillegg. Men Karl på Union veit at det er ikkje hotelkomforten som lokkar turistar frå andre sida av jorda til Geiranger, Herdalen og Tafjorden. Det er heller ikkje berre **uberørt natur** dei jaktar på. Den finn dei langs fjordane på New Zealand, i Chile og i Alaska. Det er like

mykje den **berørte naturen** som lokkar turistane til fjordane våre. P2s reiselivsekspert , Terje A. Riisnæs, hevdar på sin side, at det er **kulturlandskapet og bøndene som gjer Norge unikt og eksotisk som reisemål.**

Historia som fengjer

Det som lokkar er det nære møtet med eit lokalt vertskap som bryr seg og som er ein del av miljøet. Det er det historiske samspelet mellom menneske, dyr og landskap som fasinerer og pirrar nysgjerrigheita. Dei tilreisande vil høyre historia om korleis folk lever i kvardagen. Historia om korleis folk ”ha seg i gjønå” i gamle dagar. Historia om korleis folk bygde, lagde mat og utnytta alt i naturen utan å øydeleggje han. Historia om livet i fonnaføre og eit liv utan pengar og olje. Historia om forsaking og fattigdom, men tid for kvarandre. Forteljinga om ei tid då folk bygde store kyrkjer som vi no ikkje har råd til å halde vedlike. Om jakt og om gjeting. Om livet på sætrane , om oppesotene, kyseldansane og om bryllup som varte tre dagar til ende. Har du tenkt over at det er denne heilskapen - denne samansmeltinga av natur og kultur – som er sjølvverdsarven? At det er den same heilskapen som og er kjerna i reiselivsproduktet som igjen er grunnlaget for ei næring som i dag har passert 70 mrd kroner i omsetnad og som veks fortare enn noka anna næring i Norge i dag ?

Geoturisme på kollisjonskurs med marknadsliberalisme

Heldigvis er det ikkje berre Karl Mjelva som har oppdaga desse samanhengane. No har og Innovasjon Norge og National Geographic kome på bana. Dei talar varmt om tiltak som kan ”ivareta, forsterke og fremheve et steds lokale egenartmiljø, kultur, estetikk , kulturarv- samtidig som det kommer lokalsamfunnet til gode”. **Geoturisme**, vert dette kalla med eit fint ord. Eg kallar det ein Tordenskjolds soldat. Så vidt eg kan sjå er ikkje dette ”nye ” noko anna enn det vi har drive med heile tida. Difor må det kunne tolkast som ei oppfordring om å vidareføre ein levemåte og ein livsstil som no er i ferd med å bli fortrengd av misforstått marknadsliberalisme. Eller sagt på ein anna måte: *vi må vidareføre eit småskala landbruk basert på husdyrhald* i det verdsarvområdet som er kjent som Vestnorsk fjordlandskap. Ein fersk forskingsrapport (Storfjordprosjektet 2003), understrekar nettopp verdien av småskala landbruket: *”..Strukturrasjonalisering og intensivering ivaretar ikke kulturlandskapverdiene i dette landskapet ”.*

Den omvende visa

Landskapspleie – nytt mål for småskalalandbruket

I dette perspektivet er det at mitt landbruk vert lønsamt- svært lønsamt for nasjonen Norge. Så lønsamt at ein ikkje har råd til å kvitte seg med småbøndene

i det Vestnorske fjordlandskapet. Det er **ikkje snakk om å gi dei støtte**. Tvert imot er det snakk om **gi dei mulegheit** til å stimulere norsk økonomi. Like lite som det er lønsamt å sluntre unna vedlikehaldet på ei bygning, like lite er det lønsamt å sluntre unna vedlikehaldet på verdsarven. (Victor Hugo: Det er to sider ved ei bygning-bruken og skjønnheten. Bruken er forbeholdt eigaren, skjønnheten tilhøyrer verda.) Difor må storsamfunnet legge tilhøva til rette for at dei unge kan ta over gardane og på den måten sikre både verdsarven og geoturismen. Gardbrukarane må få løn for å stelle kulturlandskapet og sjå etter verdsarven. Då vert landbruket eit verkemiddel meir enn eit mål i seg sjølv. Målet er kulturlandskapverdiane, det som før vart sett på som fellesgode og biprodukt av primærproduksjonen (kjøt, ull etc). No må vi snu opp ned på tilvante førestillingar. **I det nye perspektivet er det kulturarven som er kjerneproduktet, dvs. primærproduktet.**

Ingen raude tal

I nasjonalrekneskapen vil ressursar til driftinga av eit småskala landbruk i verdsarvområda vere ei god – ja ei nødvendig - investering. Ei nødvendig investering i norsk reiselivsnæring. Det er den næringa som er tappekransen. Det er den næringa som skal hauste dei kommersielle fruktene. Difor må det inn friske pengar og omlegging av virkemiddelbruken fra produksjonavhengig støtte til produksjonsuavhengig. Friske pengar på budsjetta til kultur-, miljø- og næringsdepartementet.

Frå visjon til verkelegheit

- finst det statleg vilje til heilskapstenking og om det finst økonomar som ser at to pluss to kan bli fem ?
- Det er verdt å prøve, tenkte vi !
- Eidsdalsmøtet 2006- krigsoverskrifter i media
- Møte i LMD nov. 2006
- Kulturlandskapsprosjektet–ei suksesshistorie
- Kulturlandbruk – ein ny måte å tenkje på
- Gjennombrøt for ny politikk – paradigmeskifte ?

Kulturlandskapet representerer:

identitet, estetikk, inspirasjon :

- FK gruppe: ”det umulege er likevel muleg – dokke har vist at det gå an – kvifor skal ikkje vi og klare det ?(coping strategies)

oppleving/ rekreasjon

- Svenske på tur innover Geirangerfjorden: ”Jag bare tittar og tittar men kan inte tro hva jag ser”!

historie som næring

- ❑ den postmaterielle forbrukaren forlangar ei historie saman med produktet. Ikkje nok at maten smakar godt- den skal og ha ei historie om tilhørigheit, eventyr og livsstil
- ❑ Når ein irsk pub sel øl sel han ikke berre øl men vennskap. På same måte med bonden når han sel mat, så sel han historia om maten.

Oppsummering/sluttord

- ❑ Dersom det "urasjonelle" norske landbruket vert lagt ned , vil spørsmålet om 20 år vere : Kvifor gjorde vi dette? (parallell til byane på 1960 talet)
- ❑ Korleis kunne vi slå ut barnet med badevatnet ?
- ❑ REP – Rural European Platform – internasjonalt initiativ
- ❑ Positive tegn i tida